



Det er laga benker ved hytta på Storhaug.

Benkene er montert på fundamenta til det som ein gong var Statkraft sin link på fjellet i Uskedalen.

Linken fungerte som eit mellomledd i styringa av signal mellom Sauda og Mauranger.

Benkene er vakkert utforma og plassen ligg fint til med storslagen utsikt mot Kvam og inn Hardangerfjorden og mot Ølve/Hatlestrand.

Turboka er flytta nokre hundre meter mot vest. Vi er usikre på om den verharde plassen er ei god plassering. Turboka var alt gjennomblaut og sterkt skada.

Den private hytta på Storhaug er ferdig renovert og vert mykje brukt av grunneigarane.

Med dette er Storhaug eit tilrettelagt turmål med eigen rasteplass.

Bilettet: Vakre kvilebenker på Storhaug med storslagen utsikt

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal